



## Referat for kommunemøte måndag 23. mars

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Kommunane, Fylkesmannen, helseføretaka og fylkeskommunen, tannhelsetenesta

Ikkje møtte: Fitjar kommune, Lærdal kommune, Sogndal kommune og Stryn kommune

### 1. Informere/presisere

Nytt telefonmøte med kommunane førstkommande torsdag 26. mars kl. 14.30. Av praktiske årsaker ber vi om at kommunane ringer/koplar seg opp i møtet seinast klokka 14.15.

Fylkesmannen svarer framleis på spørsmål frå kommunane. Vi oppmodar til å sende spørsmåla inn seinast kl. 11.00 dersom de ønskjer svar i møtet same dag.

### 2. Politiattestar

Fylkesmannen har gjort Helsedirektoratet merksam på problemstillinga knytt til politiattestar, og informert om at dette er ei utfordring for kommunane.

Justis- og beredskapsministeren omtalte temaet i møtet med fylkesmennene i førre veke. Ho sa at politiet prioriterer søknadar på kritiske område, og skal ha ei sakshandsamingstid på ca. éin dag.

### 3. 17. Mai og festivalar

Fylkesmannen har ikkje fått spesielle styringssignal og har ikkje svar på dette spørsmålet per dags dato.

Vi har sett at m.a. VG siterer eit uttale frå statsministeren om at «Vi må kanskje feire 17. mai annerledes i år». I følgje same avis oppmodar ho folk om å legge alternative planar.

### 4. "Hytteforskrifta"

§ 5 om forbod mot overnatting på fritidseigedom i *Forskrift om karantene, isolasjon og forbud mot opphold på fritidseiendommer mv. i anledning utbrudd av Covid-19*, trådde i kraft etter førre møte. Vi har fått nokre spørsmål om den.

Presiseringar:

- Overnatting på fritidseigedommar er ulovleg
- Forskrifta står på egne bein.
- Verken Fylkesmannen eller kommunane har noko rolle i å kunne gje dispensasjonar eller godkjenne bruk av fritidseigdommen.
- Fylkesmannen og kommunen kan gje råd.



### Råd frå Fylkesmannen

Kvar einskild må vurdere faktisk bruk av eigedommen. Eigedommar brukte til næring, til dømes i landbruket, eller pendlarovernatting er noko anna enn fritidsføremål.

Vi er også kjende med at nokre kommunar vurderer om dei skal gjere strengare lokale vedtak som set ut av kraft unntaket om høve til å overnatte på hytta. Det kan gjerast unntak viss ein er i karantene etter § 2 fordi ein bur med nokon som er i isolasjon fordi dei er smitta, jamfør § 4. Når det er laga ei nasjonal forskrift med spesifikke unntak, vil det ikkje vere lov å lage generelle lokale vedtak som undergrev dei nasjonalt definerte unntaka.

Fylkesmannen minner elles om den generelle oppmodinga frå justisministeren og FHI om å unngå lokale karantenerreglar.

## **5. Reinhaldarar**

Generelt er ikkje reinhaldarar definerte som ein kritisk samfunnsfunksjon. Men dei kan vere naudsynte for å halde ei verksemd med kritiske samfunnsfunksjonar i gang. Det er den enkelte verksemdsleiinga som vurderer kven av dei tilsette er naudsynte for å halda den kritiske samfunnsfunksjonen i verksemda i gang, og reinhaldarar kan reknast med der.

## **6. Bistand frå Forsvaret**

På fredag kom det ny forskrift om støtte frå Forsvaret til aktørar med ansvar for samfunnstryggleik i koronapandemien. Forskrifta finn de her: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-03-20-367>

For at Forsvaret skal yte støtte er det to kriterium som skal vere oppfylt:

1. Situasjonen skal vere alvorleg og det skal være behov for å beskytte liv og helse, og hindre omfattande skade på miljøet, eigedom eller materielle verdiar.
2. Sivile ressursar skal nyttast først. Tilgangen til sivile ressursar må være uttømt eller ikkje tilgjengeleg. Dette gjeld både frivillige og kommersielle aktørar.

Alle spørsmål om støtte skal sendast til Fylkesmannen. Vi skal gjere ei vurdering av den og eventuelt sende den vidare til DSB.

## **7. Røde kors som ressurs**

Røde kors kan bidra som ein viktig ressurs i den situasjonen vi er i no. Dei har mannskap med gjennomført opplæring, signert etikk- og teiepliktserklæring, dei som arbeider med barn har politiattest, dei har relevant erfaring og er under felles lokal leiing.

Kommunane vil kunne nytte desse frivillige på fleire område no og i seinare fasar i pandemien. Vi er kjende med at mange kommunar har god dialog med lokallaga til Røde Kors og andre frivillige organisasjonar, mens det andre stader ikkje er eit like tett samarbeid. Vi oppmodar om at alle som ikkje



allereie har gjort det, tar kontakt med dei lokale tillitsvalde i sin kommune, for m.a. å kartlegge kva tenester det lokale laget har høve til å tilby.

## **8. Kommunale beredskapsråd**

Vi oppmodar kommunane om å bruke tida no til å gjennomføre møte i dei kommunale beredskapsråda. Sivilforsvaret, Heimevernet og frivillige organisasjonar, som til dømes Røde kors, bør inkluderast i råda.

## **9. Permittering, omsorgsdagar osb.**

Vi har i utgangspunktet ikkje svar på spørsmåla om permittering, omsorgsdagar osb., og kan ikkje gjere anna enn å vise til Nav.no og andre relevante kjelder. Viss kommunane har konkrete spørsmål knytt til dette tilrår vi å ta kontakt med Nav direkte.

### Permittering

Meir informasjon om permittering og plikter som verksemder har knytt til dette, kan de finne på heimesida til Nav: <https://www.nav.no/no/bedrift/innhold-til-bedrift-forside/nyheter/permittinger-som-folge-av-koronaviruset>

Nav har òg ein chat-funksjon for arbeidsgivarar.

### Omsorgsdagar

Stortinget har vedteke å doble talet omsorgsdagar. Meir informasjon om dette er å finne på heimesida til Nav: <https://www.nav.no/no/person/innhold-til-person-forside/nyttig-a-vite/stengte-skoler-og-barnehager-gir-rett-til-omsorgspenger>

## **10. Nekt av landlov**

Utgangspunktet er at mannskap på skip som kjem til Noreg, og vel å forlate skipet, skal i karantene i 14 dagar. Å hindre alt mannskap i å forlate skipa vil skape store utfordringar for mellom anna lasting og lossing. Politidistrikta presiserer difor at mannskapa kan utføre nødvendige arbeidsoppdrag innanfor terminalane sine ISPS-område utan å verte omfatta av karantenereglane.

Det er noko ulike reglar for innanlands skipsfart og skip frå utlandet. Sjå vedlegg for presiseringar frå Vest og Sør-Vest politidistrikt.

## **11. Fylkesmannens kartlegging av kommunens behov for smittevernustyr**

Det er prekær mangel på munnbind og smittevernustyr. Fram til vi får leveransar må vi omfordele det utstyret vi har i fylket. Dette vil skje via koordineringsgruppene til helseføretaka.

Helsedirektoratet vil fortløpande vurdere om ein skal ta inn andre produkt på lista over mangelvare, som til dømes skoovertrekk og desinfeksjonsmiddel.



Det er viktig at alle nyttar tilgjengeleg utstyr med godt skjønn etter retningslinjer. FHI lagar prioriteringslister over kva som trengs av utstyr.

Sjå òg FHI sine råd ved truande eller reell mangel på verneutstyr:

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/helsepersonell/personlig-beskyttelsesutstyr/>

**Sjå òg utfyllande informasjon i e-posten der dette referatet er sendt ut.**

#### Helse Bergen informerer:

Det er utstyr er på veg til landet som skal vidare til helseføretaka. Helse Bergen er tiltenkt ein sentral rolle i fordelinga. Helseføretaket ser for seg ein fordelingsnøkkel for fordelinga mellom helseføretaka og kommunane og mellom kommunane. Det er føremålstenleg at dette arbeidet vert forankra i koordineringsgruppene, og at det vert laga eit underutval i koordineringsgruppene som handterer dette.

Det vert opp til kommunane å fordele utstyret internt og det er viktig at FHI sine retningslinjer vert lagt til grunn.

Helse Bergen har bedt om presiseringar om når leveransen er venta, om dei får oppdraget og korleis ein fordelingsnøkkel bør sjå ut. Helseføretaka formidlar informasjon om korleis dette vil handterast så fort dei får avklaringar frå Helsedirektoratet.

Dei kommunane som har mangel på utstyr dei næraste dagane må ta kontakt med koordineringsgruppa i sitt helseføretak, så vil dei sjå på korleis problema kan løysast.

Fylkesmannen ventar at kommunen følgjer FHI sine retningslinjer på kven som skal testast og kva utstyr som skal nyttast.

#### Tannlegetenesta

[Tannhelsetenesta må koplast på kommunane når det gjeld tilgang til smittevernutstyr. Dei må ta kontakt med kommunen for å opprette dialog. Bruk gjerne beredskapsadressa til kommunen \(beredskap@XXX.kommune.no\).](#)

## **12. Sikre naudsynte allmennlegetenester**

Det er viktig at folk når fastlegane sine og kommunen må følgje med på om fastlegetenestene vert heldt oppe. Kommunane må omstille seg og ivareta sitt ansvar for helsetilbod for naudsynte allmennlegetenester. Det er mogeleg å samarbeide med nabokommunen for å sikre allmennlegetenester.

Bebuarar i kommunale heildøgns helse- og omsorgstenester, sjukeheim eller buform for heildøgns omsorg og pleie er spesielt utsett og sårbare for smitte med Covid-19. Det er difor viktig at kommunane sikrar god organisering og godt smittevern, slik at bebuarane får omsorgsfull og forsvarleg helse- og omsorgsteneste.

Kommunane må gjere ei prioritering som er forsvarleg ut frå det påtrykket dei har. Det er viktig å vere førebudd på at det må gjerast andre prioriteringar dersom situasjonen utviklar eller endrar seg.



Fylkesmannen vil ha melding om eventuelle problem på dette området.

### **13. Dialog mellom helseføretaka og kommunane**

Helsetenestene vert oppmoda om å snakke saman. Det er ingen nye reglar for helsetenestene, men sjukehusa kan ha gjort omprioriteringar. Kommunen må gå i dialog med sjukehusa om konkrete pasientar. Det er viktig å tenke praktisk og fornuftig.

### **14. Nasjonal kompensasjonsordning for fastlegane**

Det er varsla ei nasjonal kompensasjonsordning, men førebels har ikkje Fylkesmannen fått noko meir informasjon frå sentrale styresmakter om denne. Vi veit heller ikkje om den vil innehalde noko meir hjelp enn til dei fastlegane som lir inntektstap grunna karantene. Norsk foreining for allmenntmedisin og Allmennlegeforeininga har òg oppretta ei felles innsatsgruppe mot covid-19, og jobbar tett opp mot Helsedirektoratet.

### **15. Testkapasitet**

Helse Førde melder om at mikrobiologisk avdeling har sprengt kapasitet og at prøvetalet difor må reduserast. Dei har gjort ei avgrensing på dei nasjonale kriteria for å hente seg inn att. I helga var det mindre testing slik at dei no er nesten à jour. Grunna avgrensa tal prøvesett held helseføretaket på dei strenge kriteria til utstyrssituasjonen bedrar seg.

Meir informasjon om kva konkrete innskrenkingar knytt til kven som skal testast Helse Førde har innført finn ein her: <https://labanalyse.helse-forde.no/labinfo/85>

Helse Bergen melder om at dei har hatt litt "backlag" på prøvane, men at dei har fått teke unna ein del i helga og at dei no er à jour. Dei har møte med dei ulike instansane og følgjer dette opp tett. Det har vore nokre feil på rekvirentkodar som det har blitt brukt tid på å rydde opp i. Det er no fått til ei god og koordinert ordning med Bergen legevakt

Fylkesmannen melder om at det i veke 12 berre var 2,5 % av dei som vart testa som testa positivt. Det er viktig at retningslinjene til FHI om kven som skal testast vert halde. På grunn av avgrensing i testkapasitet og tilgang til utstyr, må innsatsen vere målretta slik at vi får testa dei det er viktigast å nå. Spørsmål om status på testkapasitet må rettast til eige helseføretak.

### **16. Utanlandske arbeidrarar**

Utanlandske arbeidstakarar med arbeidsløyve får kome inn i landet. Når dei kjem til landet er det reglane på 14 dagars karantene som gjeld. Særleg dersom det er mange arbeidstakarar som kjem, bør kommunane ha dialog med arbeidsgjevarane for å sikre forsvarleg karantenehandheving ut frå risikoen for at dei har med seg smitte frå heimstaden og frå reisa.



## **17. Om ferjesamband og mannskapsmangel**

Fylkeskommunen har fått i oppdrag å gjere ei vurdering av kva ferje- og båtstrekningar som må prioriterast i tilfelle mykje mannskap må vere i karantene eller vert sjuke. Fylkesmannen er i dialog med fylkeskommunen og Statens vegvesen, og er opptatt av å sikre at samfunnskritiske tenester vert opprettheldt.

Kommunane og helseføretaka kan melde inn viss dei har synspunkt på kva strekningar som spesielt bør prioriterast. Bruk i så fall e-postadressa [fmvlberedskap@fylkesmannen.no](mailto:fmvlberedskap@fylkesmannen.no).